

MENIGHETS

bladet

02 - 2017



KLEPP

FRØYLAND OG ORSTAD

ORRE

BORE

HAN SA TIL DEI:
GÅ UT I ALL VERDA OG FORKYNN
EVANGELIET FOR ALLE
SOM GUD HAR SKAPT!

LUKAS 16.15



Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 4 gonger i året.

Redaksjonskomité:

Hans Theis
Elin Anita Garpestad
Ingunn D. Aandal - kontaktperson
Astrid Voll

Layout: Linda Aanestad

Trykk: Olsson as

Forsidebilde: Freepik.com

Postadresse:

Menighetsbladet
Postboks 101
4358 Kleppe

Telefon: 51 78 95 55

e-post: menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Utgivelser 2017 med stoff-frist

Nr.	Stoff-frist	Utgivelse
3.	22.08	14.09
4.	24.10	16.11

(Med forbehold om ledig plass.)

Stoff-fristen må overhaldas!

Menighetsbladet finn du
også på nettsida vår:

[http://klepp.kirken.no/
Menighetsbladet](http://klepp.kirken.no/Menighetsbladet)

KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

KLEPP KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Kleppvarden 2, 4352 Kleppe
Postadresse: Postboks 101, 4358 Kleppe
Telefon: 51 78 95 55
Telefaks: 51 78 95 50
e-post: kontor@klepp-kirken.no
e-post Menighetsbladet: menighetsbladet@klepp-kirken.no
Heimeside: www.klepp.kyrkja.no

KONTORTIDER

Måndag - torsdag: 08.30 - 14.30
Fredag: 08.30 - 12.30
Elles etter avtale

Frøyland og Orstad kyrkjekontor:

Dagleg leiar, Ingunn Matre	52 97 31 50	928 05 942
Driftsleiar, Geir Ådne Vestvik	52 97 31 54	928 56 689

Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4355 Kvernaland
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland
Telefon: 52 97 31 50
Heimeside: www.fok.no

Bore kyrkjekontor

	Kontor	Mobil
Dagleg leiar, Elin Anita Garpestad	905 38 480	951 44 099
Sokneprest, Ivan Fjeld	905 38 481	948 69 841
Trusopplærer, Solfrid V. Skalvik	905 38 482	934 95 349
Kantor, Bjørn Stornes	905 38 483	900 65 541
Trusopplærer, Johannes Voll	905 38 484	478 88 788

Besøksadresse: Bjørkestubben 4

TELEFONLISTE ANSATTE:

Namn	Direktenummer	Mobil
Kyrkjevevje, Dagbjørg Straume	51 78 95 60	959 65 273
Sekretær, Ingunn D. Aandal	51 78 95 59	924 19 934
Sekretær, Kari Haavardsholm	51 78 95 55	992 66 752
Sokneprest, Andreas Haarr	51 78 95 52	977 16 339
Sokneprest, Morgan Fjelde	52 97 31 51	489 97 108
Prest, Jarle Minnesjord	51 78 95 54	970 66 145
Prest, Leif Inge Norland Brekke	51 78 95 53	413 01 865
Kantor, Ola Sotnakk	51 78 95 58	996 28 182
Diakon, Henny Lie Sandve	51 78 95 56	473 02 252
Dagleg leiar, Klepp, Hilde Norland Djønne	51 78 95 51	481 25 450
Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte	51 78 95 65	478 70 004
Ungdomsarbeidar, Christine Å. Hansen	51 78 95 57	934 34 923
Ungdomsarbeider, Daniel Lyngstad	905 38 484	977 24 948
Ungdomsarbeider, Camilla Lyngstad	51 78 95 62	481 99 131
Kyrkjetenar, Ketil Arne Terning	51 78 95 61	900 35 471
Klokkar Orre, Bjørn Borgen	51 42 86 94	900 19 534

Når eg skriv dette i april så har vinteren gjort eit lite comeback og kledd morgontimane i eit tynt lag med snø. Vår pleier å bety grønfarge frå blad så sprett på trea og blommar i mange fargar som spirar i bedet, men i staden lyser det kvite imot meg der eg kikkar ut vindaug. Det ser heldigvis ikkje ut som det tar mange timane før vårsola frå ein blå himmel tar Klepp tilbake til rett årstid, så akebrettet får nok fortsetta å stå i garasjen og samla støv. Det har ikkje vært bruknes til noko anna på Klepp denne vinteren.

Når du les dette så håpar eg våren har gjort enda fleire framsteg. Kanskje har plenen din vakse seg så lang at han må klippast? Kanskje har sola varma så mykje at borna i gata spring rundt i t-skjorte, medan dei nyt friheitskjensla det gjer å sleppa å måtte ta på seg jakke kvar gong ein spring ut døra. Eller kanskje har mai vært våt frå start til slutt, med ein 17.mai prega av blaute bunader og is som regna vekk?

På ein dag som i dag så slår det meg, været kan me gjer lite med. Og på den måten minnar det litt om livet. Me veit ikkje kva som venter bak neste sving, enten det er noko godt eller noko vondt. Alt me kan gjera er å leva kvar dag på best mogleg måte, enten det er dagar med sol, regn eller snø.

«Ver difor ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt. Kvar dag har nok med si møde»
Matt 6:34

Leif Inge Norland Brekke



Ønskjer du nokon å snakka med?



Du er velkomen til å ta kontakt med prest, kateket og diakon for samtale.

Diakon Henny Lie Sandve tlf. 51 78 95 56

Sokneprest Andreas Haarr (Klepp): tlf. 51 78 95 51

Sokneprest Ivan Fjeld (Bore) tlf 905 38 481

Prest Jarle Minnesjord (Orre): tlf. 51 78 95 54

Aksjon godhet 2017

..... PÅ FRØYLAND-ORSTAD

“Sammen er vi sterke og gladere”

Dette kunne leses på facebookprofilen til ein av dei som hadde sagt jatakk til å ta imot praktisk hjelp da Frøyland og Orstad kyrkjelyd for første gang ble med på Aksjon Godhet 2016 .

“Godhet, engasjement og det å bry seg vokser! Bort med jantelov og mis-tenkeliggjøring av godhet! Det gjorde vår familie utrolig godt akkurat nå!”
En annen skrev på Facebook:
”I går var jeg forberedt på at det skulle komme en 4-5 stk. som ville være gode, greie og så snille at de tok litt gulvvask og hagearbeid. 13 stykker var de med smått og stort! Godt å føle at det var helt greit å ta i mot fra en helt fantastisk gjeng!
Tusen takk”

“Små ting gjort i kjærlighet kan forandre verden”.

Dette var utgangspunkt da Godhet startet i 2006 av IMI kirken i Stavanger. I fjor nådde bevegelsen Frøyland og Orstad kyrkjelyd, og nærmere 50 barn, ungdommer og voksne utførte ulike oppdrag som var meldt inn.

Karl Inge Lygre, som var primus motor for at Frøyland og Orstad kyrkjelyd hadde aksjonen i fjor, forteller at dei hadde totalt 9 oppdrag. Det var flere hageoppdrag, eit lite gjerde ble satt opp, vi vasket hus, ryddet hager, klippte hekk, ryddet loft og malte ein liten hytte i tillegg til vask av biler.

Godhetsaksjon 29. mai – 1. juni 2017!
Lygre sier «at det var kjekt og givende å bli med i fjor og en Godhetskomitee er i gang med å planlegge ein ny aksjon 29. mai – 1. juni.

I år håper vi både på flere oppdrag og flere bidragsytere.

Ein av bidragsyterne som var med desse dagene i fjor sa etterpå:
“Utrolig meningsfullt å få lov å få bli med dette. Dette gjør jeg gjerne igjen, og jeg ser at det å kunne ta imot hjelp er en viktig egenskap som vi alle må øve oss på!”

På gudstjenesten 7. mai i Frøyland-Orstad kyrkje blir det informasjon om hvordan du blir bidragsyter eller melder inn oppdrag. Alle som bor på Frøyland og Orstad vil få en lapp i postkassen med info om aksjonen.

På www.Godhet.no sine sider står det: “Vi har en drøm om at Norge skal omtales som et land hvor godhet er synlig og tilgjengelig for alle mennesker. Rett og slett ved at landets borgere våger å gjøre de små raue gjerningene overfor andre og hverandre. Vi tror helt enkelt at godhet vil forandre verden. Vil du være med?”

For Godhetskomiteen
Asbjørn Finnbakk

WWW.GODHET.NO



Sigbjørn vasket med stor glede biler for alle som trengte det



Gode folk trenger også en pause i hagearbeidet – Morgan, Ragnhild, Ole Morten, Eivind og Siri med de to av de yngste medhjelperne Hanna og Ingrid



FOKUS

– sett med mitt blikk.

Det finst mange tilbud, mange møteplassar for ungdom ein fredagskveld. Unge vil treffa andre unge, dei går ut for å vera i lag. Kva er det då som skil FOKUS frå andre sosiale møteplassar? Kva opplever dei om lag 100 unge som møter opp og er med på FOKUS i Frøyland og Orstad kyrkje annankvar fredagskveld?

Mellom 20-30 unge – som har teneste denne kvelden – samlast i kapellet kl. 19.00, og går gjennom detaljane for kvelden, dei avsluttar med bønn. Dei gjev av si tid og sine krefter og dei gjer alle sitt beste for at kvelden skal bli best mogleg for kvar enkelt som kjem. Presis kl. 19.55 blir dørene opna og ungdommane får komma inn i salen. Møtet startar kl. 20.00. Det er velkomstord, lovsong, bønn, kollekt til Ukraina, tale, meir lovsong og invitasjon til å komma til Jesus og invitasjon til å gå til forbøn.

100 unge sit heilt stille og er med på alt som skjer, ein tale som går direkte inn i dei unge sin kvardag med tema: «Du er god nok». Talaren tek utgangspunkt i teksten om Moses. Moses meinte at han ikkje var god nok til den oppgåva som Gud kalla han til.

Utover kvelden fortset møte «Nere» i underetasjen med god mat, kjekke aktivitetar og konkurransar for dei som vil være med på det – eller berre tid til å være ilag! Til deg som veit at du har din ungdom der mellom dei som tar ansvar for FOKUS – pass på å gje han eller henne masse skryt! Fortel ungdommen at han/ho gjer ein ufattelleg stor og viktig jobb, dei er med og ryddar veg for Jesus. Nærvær av vaksne, som er villige til å spandera ein fredagskveld og vera der for desse flotte ungdommane er ønska. Du kan for eksempel være med å be for ungdommane på møtet, kjøkkenhjelp, eller være ein trygg vaksen i miljøet.

Astrid Berntsen - forbedar i Frøyland og Orstad kyrkje

Intervju med Bjørn Stornes – kantor i Bore

Tekst: Elin Anita Garpestad/ Foto: Harald Garpestad

1. Kven er du?

Eg er fødd og oppvaksen i Egersund, men bur nå i Tananger etter å ha hatt korte opphald i Farsund og Bergen. I Tananger bur eg med kone og 1 barn. Dei tre eldste har flytta for seg sjølv og studerer eller er i arbeid. Eg er kantor og brenn for musikk, men har også andre interesser. Til dømes: modell-jernbane.

2. Korleis har du blitt møtt i Bore?

Det var godt å koma tilbake til orgelkrakken etter å ha arbeid med andre ting i ca. 10 år. Borefolk er trivelege jærboar og har møtt meg med mykje positivitet og med ein inkluderande væremåte. Eg trivest godt allereie og kjenner at denne menigheten er det godt å arbeida i.

3. Kva tenkjer du om tenesta di i Bore?

Det er mange små og store frivillige her som gjer ein stor og god innsats og me ønskjer at stadig fleire vil delta i det musikalske – både med sang og musikk. Dersom nokon kjenner at dei har lyst til å vera med, er det bare å ta kontakt. Eg er open for gode forslag til korleis me skal drive det musikalske arbeidet i soknet.



Bjørn er godt i gang ved tangentane i Bore.



Bjørn oppmuntrar og hjelper unge til teneste i det musikalske arbeidet. Her er det Veronika Haugstad og Anna Steinnes som stiller som forsongarar.



Ivrige Tårnagentar i Bore kyrkje

Det var ein fantastisk flott gjeng med 3. klassingar som var samla til Tårnagenthelg 22.-23. april. Laurdagen var prega av mykje godt humør, og ivrige agentar som løyste oppdrag og utforska kyrkja.

Det var svært populært å få agenttips av ein ekte politi, og dei motiverte agentane kunne knapt vente med å starte skattejakta etterpå. Eit av oppdraga førde agentane heilt opp i kyrkjetårnet. Med lommelykter og forstøringsglas kunne dei konstatere at det faktisk står skrive noko på kyrkjeklokka.

Etter å ha høyrte om Jesu død og oppstode, fekk agentane «Oppdrag gudsteneste». Dette resulterte i ei flott familie-gudsteneste på sundagen, der Tårnagentane m.a bidrog med song, tekstlesing og drama, og dei var forsongarar. Takk til alle som var med, anten som deltakarar eller som leiarar, for ei super helg!



Kva for ei gruppe klarer å lage det høgste tårnet?



Ein god agent må vere flink til å samarbeide med andre!



Skattejakt med postar, og ei utfordring på kvar post. Her skal gruppa pusle saman eit bilete.



Finn fem feil....



Flinke Tårnagentar fann den dyrebare kyrkjeskatten som hadde forsvunne.

Presentasjon av ny biskop

Med hjertet i menighetene

- Jeg gleder meg mest til å komme ut i menighetene. Treffe folk og alle som utgjør det levende liv i kirka, sier påtroppende biskop i Stavanger, Ivar Braut.

Etter 16 år som sokneprest i Birkeland menighet i Bergen, er det naturlig nok menighetslivet som står hans hjerte nærmest som prest. Og Braut lover at akkurat det ikke kommer til å endre seg, når han 19. mars starter på sin gjerning som biskop i Stavanger bispedømme.

- Det er det vanlige menighetsarbeidet som har preget meg. Og som biskop kommer jeg til å ha hjertet i menighetene og det som skjer der, forsikrer han.

- Jeg gleder meg mest til å komme ut i menighetene. Treffe folk og alle de som utgjør det levende liv i kirka. Derfor kommer jeg til å være rask med å komme rundt til alle prostiene i løpet av vårsemesteret, sier Braut.

Bispedømmerådet har som formål «å vekke og nære det åndelige liv i menighetene». Braut er ivrig på startstreken etter å komme i gang. Ordene forkynnelse, menighet og Jesus dukker hyppig opp i intervjuet, og ledsages gjerne av en gjenomtenkt konstatering.

«Menighetsbygging er lidenskap, ikke en teknikk eller metode», sier Braut. Og: «Forkynnelsen min blir ikke et gjestekåseri her og der, men noe av det viktigste jeg gjør som biskop.» Og: «Vi kan nesten ikke bli for sentrerte om Jesus. Det er Jesus og han alene. Har vi det klart for oss, faller mye annet på plass.»

Glød til å forkynne

Men Ivar Braut er ikke typen for forenklinger og lettvinde løsninger. I nominasjonsprosessen våget han i intervjuer å problematisere ord som «relevans» og «popularitet». Han omtalte seg som «brobygger», men pekte spesielt på det konservative mindretallet i Kirkemøtet. Maratonløperen fremhever de lange linjer og seierskranse, framfor snarveier og imponerende spurter. Men følelser, glød og lidenskap er ikke mindre viktig.

- Det er viktig for meg å gi prestene mot til å prioritere forkynnelsen. Å våge å stå i det, og kjenne inspirasjon og glød til å forkynne. Det er noe av det viktigste som kan skje i kirka, minst like viktig som årsplaner. Jeg har sans for planer, og alle som kjenner meg vet at jeg liker langsiktige planer. Men hva er det som gjør at ting egentlig skjer? Det er fornyelsen innenfra, følelsen av at «dette vil jeg ut med». Alt menighetsarbeid går ut fra forkynnelsen, konstaterer Braut. Og legger til at forkynnelse selvfølgelig også skjer gjennom trosopplæring, diakoni og kirkemusikk.

Diakonien skaper troverdighet

- Å skape trosopplæring i fast tilknytning til alt arbeidet i menigheten, ikke alene som enkelttiltak, det er et stort prosjekt for hele kirka. Og diakonien går som en linje gjennom hele Bibelen. Den kan også være et uromoment i menigheter som ser veldig ordentlige ut, som ikke ser ut til å ha så mye å stri med. Men diakonien minner oss om at det alltid er noe som er dypere, at det finnes utfordrende sider i ethvert menneskeliv, både i lokalsamfunnet og

menigheten. Diakonien er et av kirkas kjennetegn og skaper troverdighet for hele troen. «Troverdighet» er et godt ord for å fylle ut det å være relevant. Det er et uttrykk for å være ekte, autentisk. Møtet vårt med folk skaper denne troverdigheten. Hvordan møter vi som kristne de som ikke bekjenner denne troen? spør Braut, og utfordrer videre:

- Derfor er det et poeng at menighetsmedlemmer ikke må være altfor travle! Vi trenger tid til våre medmennesker, både våre nærmeste og de som bor i menigheten. Aktivitetsnivået kan bli for høyt, selv om det blir gjort i beste mening, konstaterer han.

Kjærlighet til salmesangen

Å søke både hverandre og kilden til tro blir derfor viktig, understreker Braut. Ikke minst gjennom gudstjenesten.

- Hva setter du selv pris på ved gudstjenesten?

- Bortsett fra liturgi og forkynnelse, som jo er rett svar for en prest og biskop, så tror jeg salmesangen er noe av det viktigste for meg. Det er ikke for ingenting at salmeboka er kalt «Den erfarte bibel». Kirkemusikken tror jeg er undervurdert som menighetsbyggende arbeid, mener Braut.

- Har du en favorittsalme?

- Jeg har flere, men typisk den som jeg bestilte til avslutningsgudstjenesten i Birkeland: «I Krist er ikkje aust og vest».

I Krist er ikkje aust og vest og ikkje sør og nord. Hans folk er eitt i tru og von på all den vide jord.

En salme passende for en brobygger, som kanskje er det ordet som er mest brukt om Ivar Braut den siste tiden. Braut snekret konsensus-vedtaket som samlet flertallet i Kirkemøtet 2016 om å lage en vigselsliturgi for likekjønnede. Men det er ikke en vedtaksingeniørs konstruksjons-iver som i første omgang preger denne brobyggeren. Mer et brennende ønske om at det skapes en forbindelse mellom holmer og skjær i kirke-Norge.

- Det må være balanse og kontakt mellom de ulike fløyene. Vi er sammen om så veldig mye i kirka. Faktisk er vi er sammen om det aller meste.

Hele intervjuet med Ivar Braut kan leses på www.kirken.no/stavanger

Av Tove Marie Sortland



- Det er et poeng at menighetsmedlemmer ikke må være altfor travle! Vi trenger tid til våre medmennesker, både våre nærmeste og de som bor i menigheten, sier påtroppende biskop Ivar Braut.

Foto: Tove Marie Sortland



Mat: de frivillige danderer flotte serveringsfat



Aktivitet: her lages bokser til karse



Nugattimunn

Har du lyst å være med på kveldsmaten?



Legobygging: lego er en favoritt-aktivitet, både for barn og fedre.



Togbane: lang lang rekke med togvogner.



disse små vet å nyte maten

En fredag i måneden arrangerer Klepp menighet kveldsmat i menighetssalen. Da samles små og store 1 time fra kl. 18. Først samles alle i kirkerommet til en kort andakt som er for både små og store. Så synges det kjente kristne barnesanger. Deretter blir det kveldsmat i menighetsalen med brød, rundstykker, deilig pålegg, frukt, juice og melk. Når barna er ferdig med maten, samles de i kirkerommet til lek og aktiviteter. Det finnes bl.a. togbane og duplo.

Dette er en god anledning for alle til å bli bedre kjent med hverandre, og knytte kontakter. De voksne får en god drøs.

Dette er et tiltak som er dratt i gang av småbarnsforeldre. Alle er velkommen. Trenger ikke ha barn for å bli med. Det er plass til flere. Følge med på facebook og på nettsida for datoer til høsten.

For å dekke utgifter er prisen kr. 10,- for barn og kr. 20,- for voksne. For en familie kr. 50,-. Det er frivillige i menigheten som stiller opp og lager kveldsmaten.




Andakt: full oppmerksomhet fra publikum.



Sang: "på Golgata sto det et kors" under samlingen.



Fotballspill: spillrom i kjelleren med blant annet fotballspill og kurong.



No livnar det i lundar

— — — — —
av Kantor Ola Sotnakk

Vårteikn

Omtrent på same tida som hestehoven kjem fram, fuglane kvitrar, bjørka sprett, og det blir ljosare morgonar og lengre kveldar, så slær den norske kyrkja opp på nummer 844 i salmeboka og syng «No livnar det i lundar, no lauvast det i li».

Denne Blix-salmen vart publisert anonymt i heftet «Nokre salmar, gamle og nye» og knytt til 4. sundag etter påske. Alle dei opphavlege 12 versa er fortsatt med i salmeboka og med berre små endringar i språket. Det er ein av våre mest sungne salmar og blir nytta både til gudsteneste, gravferd, bryllaup og konfirmasjon, sjølv om ein oftast ikkje syng alle versa.

Elias Blix (1836-1902) var frå Gildeskål i Nordland. Han gikk på lærarseminaret i Tromsø før han reiste til Christiania og Heltbergs Studentfabrikk. Han studerte så teologi på universitetet i Oslo, der han seinare vart professor. Blix vart oppteken av målrørsla, og sa «Eg vil lovsyngja Krist på vår tunga». Blix var sentral i arbeidet med omsetjing av Bibelen til nynorsk, og han var kyrkjeminister i regjeringa Sverdrup frå 1884 til 1888. I norsk salmebok er Blix sine tekstar og omsetjingar rikt representerte, og nummer 844 er mellom dei aller mest kjende.

Våren er hovudmetaforen i denne salmen, og Blix sin tittel er au «Vaarsong». Våren peikar fram mot det evige og fullkomne livet som ventar. Våren kan au vere Anden sitt virke, som i andre verset: «Og atter som eit under nytt liv av daude gror.» Dette blir teke opp att i vers 7 og konsekvensen av at Anden vart sendt oss blir måla ut i dei tre neste versa.

I versa 5-7 ser Blix bakover i historia. Det kan vere at kulden på Herrens kyrkjemakt, som det blir vist til i vers 5, er ein referanse til tida føre reformasjonen, då det stod dårleg til med forkynninga av evangeliet; «Guds ord var fâhøyrd segn» (vers 6). Så kom reformasjonen i vers 7: «Så sende Gud sin Ande som dogg på turre jord. Då vakna liv i lande, då grøddest vent Guds ord.» Vers 11 og 12 heng i hop i salmeboka i og med at vers 11 sluttar med komma, men versa er opphavleg delte med punktum etter vers 11. Meiningsinnhaldet blir litt ulikt om ein nyttar punktum i staden for komma. Når vers 12 står sjølvstendig, blir det som ein konklusjon som fortel om korleis livet i den komande verda er, og ordet «då» kan vise til «endeleg». Set me komma mellom versa, kan me ikkje ordet «då» tyde «endeleg», og vers 12 framstår litt meir forsiktig, og ikkje like postulerande. Blix viser til melodien til «O Jesu, for din Pine» i overskrifta. Dette er den same som

nr. 145 – Se, hvor nu Jesus treder, ein melodi med ukjend komponist, som er å finne i Anders Arrebo sitt «K. Davids Psalter» frå København i 1627. Ein reknar med at dette opphavleg er ein verdsleg visemelodi. Ludvig Mathias Lindeman sin melodi, som er den me kjenner salmen ved i dag, vart skriven til «Hos Herren paa det Høie», og seinare til ein verdsleg tekst «Mens jeg bedrøvet sidder», før han endeleg fann vegen inn i L.M. Lindemans koralbok til salmen «Med Straalekrans om Tinde» - siste gongen med små rytmiske justeringar. Ludvig Mathias Lindeman (1812-1887) var fødd i Trondheim som son av organist i Vår Frue kyrkje, Ole Andreas Lindeman, som au gav sonen musikkutdanning. Han vart organist i Vår Frelzers kyrkje i Christiania (Oslo domkyrkje), ei stilling han overtok etter broren Frederik Christian, der han var i nærare 50 år! I lag med sonen Peter, grunnla Lindeman i 1883 ein organistskule, som seinare skulle bli Musikkonservatoriet i Oslo, i dag Norges musikkhøgskule. Lindeman skreiv mange salmemelodiar sjølv, og samla inn om lag 2000 folketonar. Han var ein svært dyktig organist, ikkje minst var han vidgjeten for improvisasjonane sine, og då nytt orgel skulle innviast i Royal Albert Hall i London i 1874, vart Lindeman invitert til å spele i lag med m.a. Bruckner og Saint-Saëns!

*No livnar det i Lundar,
No lauvast det i Lid,
Den heile Skapning stundar
No fram til Sumars Tid.*

*Det er vel fagre Stunder,
Naar Vaaren kjem her nord,
Og atter som eit Under
Nytt Liv av Daude gror.*

*Guds Kyrkja lysa skulde
Som høgt paa Berg ein Stad,
Med Sumar, utan Kulde
Og utan Solarglad.*

*Guds Ord vel alltid lyser,
Den Sol gjeng aldri ned.
Det Hus, som Anden hyser,
Ligg stødt i Ljos og Fred.*

*Men stundom kom daa Kulde
Paa Herrens Kyrkjemark.
Det var, som Gud seg dulde,
og burte var Guds Ark.*

*Det var dei myrke Dagar,
Guds Ord var faahøyrd Segn.
Og Hjartat frys og klagar,
Det saknar Sol og Regn.*

*So sende Gud sin Ande
Som Dogg paa turre Jord.
Daa vaknad Liv i Lande,
Daa grøddest vænt Guds Ord.*

*Daa er det sæle Tider
Fyr Kristi Kyrkjegrunn.
Daa lauvast det i Lider,
Daa livnar det i Lund.*


*Daa ljosnar det i Landet
Fraa Fjell og ned til Fjord.
Daa losnar Tungebandet,
Daa kved Guds Folk i Kor.*

*Daa skin det yver Strender
Som Sol ein Sumarkveld.
Daa gløder kring i Grender
Ein heilag Altar-eld.*

*Du Vaar med ljose Dagar,
Med Lengting, Liv og Song!
Du spaar, at Gud oss lagar
Ein betre Vaar ein Gong.*

*Daa me med vigslad Tunga,
Med Kjærlaik heil og klaar,
Alt utan Brest og Sprunga,
Skal lova Herren vaar.*

Kvartett Ebano



Kammerfest Østfold: 26. Mai

Klepp Kirke 27.mai kl.18.00

Sandnes Kirke 28.mai kl.16.00

Verk av Sayers, Bartok, Grieg og McGuire

Klepp kyrkje
Onsdag 7. juni kl 19:30

Konsert

Linda Saglien Svensen
-TROMPET-

Terje Hadland
-ORGEL, PIANO-

*Vinden har sin sti å vandre, bølgen har sin vei å gå
vår og sommer, høst og vinter skifter i det minste strål
gledens tid og sorgens time har sin bolig i hvert sinn
Løvet være Han som åpner første le og siste grind*

Billetter kr. 150,-

Arr.: Klepp kyrkjelyd i samarbeid med Rogaland Fylkeskommune

Pilegrimsvandringar på jæren sommaren 2017

24. juni 2017 - Jonsok kl. 18.00

Frå Tusenårsplatsen ved Obrestad Hamn via Hå gamle prestegard og Kristkrossen på Njærheim. Tilbake via «Stille rom» på Obrestad fyr.
- Ta med mat og drikke.

29. juli 2017 - Olsok kl. 16.00

Frå Tusenårsplatsen ved Obrestad Hamn langs Kongevegen til friluftsgudsteneste på Varhaug gamle kyrkjegard kl. 19.00. Ein kan også slutta seg til vandringa nedafor Grødalandstunet.
- Ta med mat og drikke.

Velkomne til å vere med langs ei fantastisk flott pilegrimslei og ein vakker turveg.



KLEPP 24 Stort loppemarked

Isbagen Lærhagen

Laurdag 9. sept. Kl. 10 – 18
Søndag 10. sept. Kl. 12 – 16
Innlevering av lopper ved Isbanen
Fredag 8. sept. Kl. 15 -19

Stiftelsen Klepp nye kyrkje



Konfirmantar 2017

Klepp

7. mai



13. mai



14. mai



Bore

6. mai

14. mai



Orre

7. mai



Gudstenester

Klepp Kyrkje

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

28.05. Gudsteneste med dåp og 50-årskonfirmanter.
Søndagsskule. Andreas Haarr. Offer til misjonsprosjektet.

04.06. Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd.
Søndagsskule. Andreas Haarr. Festkyrkjekaffi.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

05.05. Gudsteneste på Krosshaug. Bryne IMF-brass.
Offer til Klepp st. kyrkjelyd.

11.06. Gudsteneste med dåp. Leif Inge N Brekke.
Offer til ny kyrkje.

18.06. Gudsteneste med dåp. Søndagsskule.
Andreas Haarr. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

02.07. Gudsteneste med dåp og nattverd.
Andreas Haarr. Offer til Utstein Pilgrimsgard.

23.07. Gudsteneste med dåp og nattverd.
Andreas Haarr. Offer til KIA.

13.08. Gudsteneste med dåp og nattverd. Ivan Fjeld.
Offer til Barnevakten.

20.08. Oppstartgudsteneste. Dåp. Søndagsskule.
Andreas Haarr. Grillmat etter gudstenesta.
Offer til kyrkjelydsarbeidet

27.08. Familiegudsteneste med dåp. Leif Inge N Brekke.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

03.09. Gudsteneste med presentasjon av konfirmanter.
Kl 11.00 og 13.00. Dåp. Søndagsskule kl 11.00.
Andreas Haarr og Christine Å Hansen.
Offer til ungdomsarbeidet.

10.09. Gudsteneste på Jærhagen. Andreas Haarr.
Offer til ny kyrkje

17.09. Familiegudsteneste med dåp. Leif Inge N Brekke.
Offer til Speidarane.

Bore kyrkje

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

28.05. Kl.19.00. Lovsongsgudsteneste.

04.06. Pinedag. Høgtidsgudsteneste med nattverd.
Ivan Fjeld. Offer til misjonsprosjektet.

11.06. Familiegudsteneste med dåp. Ivan Fjeld med
ressursgruppe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

18.06. G2 gudsteneste med nattverd. Ivan Fjeld.
Offer til Misjonsalliansen. Sondagsskule.

09.07. Høgmesse med dåp og nattverd.
Fellesgudsteneste. Morgan Fjelde.
Offer til Bibelleseringen.

13.08. Høgmesse med dåp og nattverd.
Fellesgudsteneste. Ivan Fjeld. Offer til MAF.

20.08. Ikkje gudsteneste.

27.08. Kl.19.00. Lovsongsgudsteneste med nattverd.
Besøk av team frå Sveits. Ivan Fjeld.

03.09. Familiegudsteneste med dåp.
Ivan Fjeld med ressursgruppe.

10.09. G2 gudsteneste med konfirmapresentasjon.
Ivan Fjeld. Sondagsskule.

17.09. Ikkje gudsteneste.

Orre kyrkje

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

25.05. Orre gamle kyrkje. Kr. Himmelfartsdag.
Mulighet f. dåp. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
Jarle Minnesjord.

04.06. Pinedagsgudsteneste. Mulighet f. dåp.
Offer til Bibelselskapet. Jarle Minnesjord.

18.06. Gudsteneste med nattverd. Barnesamling.
Offer til kyrkjelydsarbeidet. Jarle Minnesjord.

23.06. kl 19.00. St. Hansgudsteneste i Orre gamle kyrkje.
Offer til Mariastiftelsen. Jarle Minnesjord.

16.07. Gudsteneste med dåp og nattverd.
Offer til kyrkjelydsarbeidet. Ivan Fjeld.

29.07. kl 19.00 Orre gamle kyrkje.
Offer til Sjømannskirken. Jarle Minnesjord 13.08 kl 11.00.
Familiegudsteneste med markering av skolestart.
Offer til kyrkjelydsarbeidet. Jarle Minnesjord.

03.08. Gudsteneste med konfirmapresentasjon.
Mulighet f. dåp. Barnesamling. Offer til Normisjon.
Jarle Minnesjord.

17.09. Gudsteneste med nattverd. Barnesamling.
Offer til kyrkjelydsarbeidet. Jarle Minnesjord.



KYRKJESKYSS

Bore kyrkje:
Ring kontoret
tlf. 51 78 95 55.

Klepp Kyrkje:
Ring Pauline Braut
tlf. 51 42 52 03

Orre Kyrkje:
Ring Astrid Voll
tlf. 51 42 87 49

Frøyland og Orstad Kyrkjelyd:
Ring kontoret:
tlf. 52 97 31 50

Tekstane

*Kristi himmelfartsdag –25. mai
Salme 110,1–3, Ef 4,7–10
Mark 16,19–20*

*Søndag før pinse –28. mai
Hag 2,3–9, 1 Pet 4,7–11
Joh 15,26–27*

*Pinsedag –4. juni
1 Mos 2,4–9, Apg 2,1–11
Joh 20,19–23*

*2. pinsedag –5. juni
Joel 3,1–2, Apg 10,34–48
Joh 16,5–11*

*Treenighetssøndag –11. juni
5 Mos 6,4–9, 1 Pet 2,4–10
Matt 28,16–20*

*2. søndag i treenighetstiden –18. juni
2 Mos 14,15–22, Tit 3,4–7
Matt 3,11–12*

*3. søndag i treenighetstiden
–25. juni
Jes 25,6–9, Åp 19,5–9
Luk 14,15–24*

*4. søndag i treenighetstiden
–2. juli
1 Mos 25,27–34, 1 Kor 9,24–27
Mark 10,17–27*

*5. søndag i treenighetstiden
–9. juli
Jer 23,16–24, 1 Joh 4,1–6
Matt 7,15–20*

*Aposteldagen / 6. søndag i
treenighetstiden –16. juli
1 Mos 12,1–4, Rom 1,1–7
Luk 5,1–11*

*7. søndag i treenighetstiden
–23. juli
1 Mos 16,1–13, 1 Joh 4,7–10
Luk 15,1–10*

*8. søndag i treenighetstiden
–30. juli
2 Mos 32,1–4.30–35,
1 Joh 2,15–17, Matt 6,19–24*

*9. søndag i treenighetstiden
–6. august
Hos 6,1–3, Rom 8,31–39
Matt 11,28–30*

*10. søndag i treenighetstiden
–13. august
Salme 32,1–11, 1 Pet 3,8–13
Luk 5,27–32*

*11. søndag i treenighetstiden
–20. august
Jes 64,6b–65,2
Rom 9,2–5; 10,1–4
Matt 23,37–39*

*12. søndag i treenighetstiden
–27. august
Reformasjonstema 1:
Nåden alene
Salme 116,1–9, Ef 2,1–10
Luk 15,11–32*

*13. søndag i treenighetstiden
–3. september
Salme 92,2–6.13–16,
1 Kor 12,4–11
Matt 25,14–30*

*Vingårdssøndag / 14. søndag i
treenighetstiden –10. september
Jes 27,2–6, 1 Kor 1,1–3*



Orre kyrkje



Bore kyrkje



Klepp kyrkje

Frøyland og Orstad

Klepp Stasjon

(Alle gudstenester startar 10.30
der anna ikkje er oppført)

21.05. Gudsteneste med dåp

04.06. Gudsteneste med nattverd

11.06. Gudsteneste – soulchurch

25.06. Gudsteneste med dåp

06.08. Gudsteneste med dåp

20.08. Gudsteneste med nattverd

27.08. Gudsteneste med dåp

03.09. Gudsteneste med nattverd

17.09. Gudsteneste - trusopplæring

Gudstenester Klepp stasjon kyrkjelyd
I "Kjerka på Stasjonen" (Stasjonsbygningen)
kl. 11.00.

21.05. Gudsteneste ved Kjell Børge Tjemsland

18.06. Generasjonsgudsteneste ved Anne
Margrete Ree Sunde.

20.08. Oppstartsgudsteneste ved Leif Inge Brekke

27.08. Kveldssamling 19:00

03.09. Gudsteneste ved Leif Inge Brekke.
Nattverd

17.09. Gudsteneste. Vikar

24.09. Kveldssamling 19:00



Frøyland og Orstad kyrkje



Orre gamle kyrkje



Klepp stasjon kyrkjelyd

Nytt frå Kyrkjevevja

Personalnytt

Musikalsk leiar og trosopplæringsarbeidar Frøyland og Orstad

Inger Lende Sandve er tilsett som musikalsk leiar 50% og trusopplæringsarbeidar 40%.
Oppstart sommar/haust 2017

Prest Klepp stasjon kyrkjelyd

Frå hausten 2017 er Barne- og familieprest Leif Inge Norland Brekke tilsatt i eit vikariat i 50% som prest i Klepp stasjon kyrkjelyd. Vikariatet varer til april 2018. Det er lyst ut eit vikariat i 50 % av Brekke sin stilling: Trusopplærer barn og unge.

Dagleg leiarstillingane

Fellesrådet har fått styrka stillingane til dagleg leiing av kyrkjelydane.

Klepp får auka sin stilling frå 50% til 65%
(kyrkjelyden finansierer 50% sjølv)

Bore får auka sin stilling frå 40% til 55% (kyrkjelyden finansierer 40% sjølv)

Frøyland og Orstad har allereie 100% stilling, men fellesrådet auka sin del av finansieringa frå 30 til 45%.

Gjennomgang av gravplassane

Før sommaren vil det på felte nærast kyrkja på Klepp og mot prestevegen bli satt ned skilt ved gravminner som er lause og graver kor beplantning ikkje er i samsvar med reglement.

